LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Bjørn Henning Hopsdal Nepstad
Skarvatunvegen 283
5637 ØLVE

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tone Margrethe Berland Furustøl | 31.10.2018 |
| Vår: 18/2571 - 18/32709 | tone.furustol@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 191/5 Nepstad

| | | |
|---|---|---|
| Tiltak: | Dispensasjon for deling av grunneigedom | |
| Byggjestad: | Gbnr: 191/5 | Sjosidevegen 138 |
| Tiltakshavar: | | |
| Ansvarleg søkjar: | Bjørn Henning Hopsdal Nepstad | |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.08.2018.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden om dispensasjon for frådeling skal nabovarslas, sjå skjema blankett 5154, 5155 og 5156 hos dibk.no: https://dibk.no/saksbehandling/byggsok/Byggesaksblanketter/
   Blankett 5154 skal leverast til dei naboar/motbuar som vert varsla. Blankett 5155 - gjenpart av nabovarsel - skal leverast til kommunen. Blankett 5156 – kvittering for nabovarsling – skal leverast kommunen. Dei naboane som skal nabovarslast er vist i vedlagte naboliste.
2. Situasjonskartet må målsettast. Avstand til nabogrense og andre bygningar, herunder driftsbygningar skal visast på kartet. Omsøkte parsell bør visast med minirenseanlegg plassert innafor omsøkt parsell då minirenseanlegg er til bruk for våningshus på omsøkte parsell.

Fullmakt frå heimelshavar, Hildegunn Håbrekke, er ikkje lagt ved. Det er naudsynt med fullmakt ved sjølve delingsaka.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 26.11.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Tone Margrethe Berland Furustøl<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Naboliste - oppretting av ny grunneigedom - gbnr 191_5

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørn Henning Hopsdal Nepstad | Skarvatunvegen 283 | 5637 | ØLVE |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørn Henning Hopsdal Nepstad | Skarvatunvegen 283 | 5637 | ØLVE |